

RAPPORT OM STYRETS ARBEID

Bergum burettslag

Perioden 2024–2025

Generalforsamlinga

Bergum burettslag heldt generalforsamlinga 28. mai 2024 i bomberommet i Bergum 1D.

Følgjande styre blei valt i generalforsamlinga:

Rolle	Namn	Periode	Status
Styreleiar	Thor Erlend Mehammer	2024–2025	Attval
Medlem*	Sissel Ekroll	2024–2026	Attval
Medlem**	Damir Zovko	2023–2025	Ny
Vara	Viktorija Dobile	2023–2024	Ny
Vara	Vebjørn Mandelid	2023–2024	Ny
Vara	Julia Gåsvær	2023–2024	Ny

*Sissel Ekroll vart i første styremøte etter generalforsamlinga konstituert som nestleiar.

**Damir Zovko fekk fritak frå styret frå 7. november 2024. Viktorija Dobile var konstituert som nytt fast styremedlem.

Møteverksemd

Sidan førre ordinære generalforsamling (28. mai 2024) har styret hatt 3 møter. I desse møta er det blitt handsama 26 saker. Styret har hatt mykje kontakt over messenger, og har der fortløpande gjort vedtak i høve viktige driftstiltak og installasjonar. Alle varamedlemmer er med på messenger, og har fått invitasjon til styremøta.

30. januar arrangerte styret ein ekstraordinær generalforsamling, der hovudsaka var skifte av forretningsfører.

Viktige oppgåver i året som har vore:

Elbil-ladere: I perioden er det blitt installert anlegg for elbil-ladere via Aneo Mobility. Ny mur langs parkeringsplassen har kome som eit resultat av dette. I tillegg har bebruar Dag Johnsen gjort ein god jobb med å male oppatt striper på parkeringsplassen.

Rekvirering av nøklar: For å redusere kostnader for kvar enkelt bebruar som hadde behov for nye nøklar, vart styreleiar registrert som ny rekvirert via Certego, som levera nøklar. BOB tok ein avgift som kosta like mykje/meir enn sjølve bestillinga av nøklar, og dette synest ikkje styret var greitt.

3 straumleverandørar blir til 1: Burettslaget har mange straummålarar tilknytt fellesareal og fyrrom. Der dei ulike straummålarane har vore tilknytt ulike leverandørar som BKK, Wattn, og Fjordkraft. Vi sjekka med leverandørane om kven som kunne gje oss best pris, og vi fekk best pris av Wattn, som no levera straum på alle målarane.

Vask av fellesareal: Det siste året har Viktorija Dobile teke på seg jobben med å vaske alle oppganger, og vi har vore svært heldige som har hatt ho. I haust hadde ho behov for å bli avløyst, og styret inngjekk avtale med Sunnfjord Renhold.

Trilling av bossdunkar: Vi har vore så heldige å ha Ammar Zovko som har trilla ut og inn alle bossdunkar i godt over eitt år på dugnad. Han har gjort ein kjempejobb, og vi har sett stor pris på innsatsen han har lagt ned i arbeidet. I januar ynskte han at andre skulle ta over oppgåva, og styret konkluderte med å hyre inn Servicealliansen, for å sikre at bossdunkane vert trilla ut, uavhengig av både feriar og sjukdom. Servicealliansen er dyktige, og gjer ein god jobb.

TV-antenneanlegget avslutta: I 2024 sa vi opp avtalen burettslaget har hatt med HFC Norway i høve TV-kanaler via TV-antennene. Vi har i mange år hatt utfordringar med dårleg signal, og det har kosta mykje i både vedlikehald og feilsøking knytt til anlegget. Dette i tillegg til den faste kostnaden på om lag 157 000 kr i året i abonnement, resulterte i at avtalen vart sagt opp. Burettslagets bebuarar har tilgang på ein svært gunstig avtale med Eninvest, som vart framforhandla i 2022.

Vasslekkasjar: Det har vore fleire vasskader i burettslaget det siste året som skuldast manglande vedlikehald, eller avvik i høve arbeid som ikkje er fagleg utført. Slike skader må kvar enkelt bebuar sjølve dekke eigenandelen på forsikringa, som er på 10 000 kr. Fleire av skadane oppstår på kjøkkenet, og kunne ha vore unngått med lekkasjesikring (til dømes Water guard). Styret har diskutert om dette burde bli krav i alle leiligheiter.

Energibrønner, modernisering og nytt SD-anlegg: Arbeidet som ein byrja på i perioden 2023-2024 har fortsett inn i 2024-2025. Energibrønnane har kome på plass. Ny ekspansjonstank og sirkulasjonspumpe. Oppgradert til digital målar i oljetanken, og installasjon av fiber i fyrrommet, har sikra at vi no har kontroll på heile anlegget i det same SD-anlegget. Dette gir burettslaget mykje betre kontroll, særleg om det skulle oppstå avvik. Framover blir det jobba med å få ventilasjonsanlegga inn på det same SD-anlegget.

Skifte av forretningsfører: Styret har i lengre tid jobba med å gå gjennom alle avtaler, med mål om å få best mogleg avtaler til best mogleg pris. Avtalen i høve forretningsføring var òg viktig i den samanheng. Etter litt kartlegging fekk vi eit tilbod på frå Agio Forvaltning på forretningsføring til 115 000 kr i året, medan vi hadde tilsvarande avtale med BOB på 270 000 kr i året. Det blei innkalla til ekstraordinær generalforsamling 30. januar, der representant frå både BOB og Agio Forvaltning var til stades. Etter at bebuarane hadde fått høyrte frå begge partar, og fått svar på sine spørsmål, blei det gjort vedtak om å bytte forretningsfører til Agio Forvaltning som tek over 1. mai 2025.

Tiltak på uteområdet: Nestleiar Sissel Ekroll har gjort svært mykje i høve uteområdet, og allierte seg med Kristian Østerbø Gåsemyr som bur i burettslaget. Han har fått opp gjerde rundt murkanten ved leikeplassen, som bidreg til vesentleg betre tryggleik. I tillegg blir platting og benkane skifta ut grunna råte. Ei viktig oppgradering som bidreg til ein mykje hyggelegare leikeplass og uteområde.

Generelt: Det har blitt gjort svært mykje i perioden, som vi er godt nøgde med. I tillegg har det vore ein del ryddig i høve fakturering, særleg knytt til feil som er oppstått hjå BOB og enkelte leverandørar. Vi opplever at det no er orden i sakene, og burettslaget blir drifta på ein god måte.

Beste helsing
Styret